

Pressemelding

Breibandutbygging i Vest-Telemark

Bakgrunn

VTK har heilt sidan 1995 bygd ut fibernett for intern kommunikasjon mellom kontora i Høydalsmo og Skafså, og ut til kraftverk og enkelte trafostasjonar. For 2-3 år sidan kom det fram sterke ynskje frå politisk miljø at VTK måtte ta ansvar for å bygge fibernettet vidare ut. Årsaken var at breibandtilbodet i Vest-Telemark då var dårleg og dyrt (med unntak av i Rauland og Åmot der Telefiber hadde bygd ut), og Telenor viste liten eller ingen utbyggingsvilje. Våren 2004 fekk VTK utarbeidd planar for eit regionalt fiberstamnett. Samstundes fekk regionen tilført store midlar frå staten som kompensasjon for fjerning av den reduserte arbeidsgjevaravgifta. Desse midlane skulle nyttast til tiltak som ville koma næringslivet i regionen til nytte, og infrastruktur for datakommunikasjon (breiband) vart særleg nemnd i tilsagnsbrevet frå Staten. Desse midlane vert disponert av eit eige styre samansett av 2 politikarar og 4 representantar frå næringslivet, og administrert av VTNU. Det vart semje om å nytte store delar av desse midlane til delfinansiering av fiberutbygging i regionen, då dette var eit varig tiltak som ville koma både næringsliv, kommunar og etterkvart også private til nytte. Everka gjekk/går inn i prosjektet med endå større midlar.

Mål

Målet med utbygginga er å sikre at Vest-Telemark får eit breibandtilbod på linje med dei sentrale strøk både når det gjeld kvalitet, pris og tidspunkt for etablering. Grunngevinga for denne målsetjinga er at tilgang til eit moderne breibandtilbod er heilt avgjerande for næringsliv, næringsutvikling, offentlege tenester, interkommunalt samarbeid, undervisning og busetnad i regionen i åra framover.

Status

Status pr i dag, etter eit svært hektisk byggeår, er at vi har eit samanhengande fibernett mellom alle kommunesentra i regionen, med unntak Sauland som vert kopla opp i løpet av året. Nettet er i drift og heng saman med Telefiber sitt nett. Mange offentlege bygg og næringsverksemdar er kopla til. I 2006 vil også offentlege bygg og næringsliv prioritert for direkte fibertilknytning.

Kva med breiband til private?

Å bygge ut fiber fram til alle som ynskjer det er eit langsiktig mål som vil kreve svært store ressursar og som difor ikkje er mogeleg å realisere så raskt som kundane forventar. Styret i VTK vedtok difor rett før jol at VTK skal arbeide for å sikre at flest mogeleg kan få eit ADSL-tilbod eller tilsvarande så snart som råd. At dette vedtaket ikkje vart gjort tidlegare skuldast at Telenor våren 2005 signaliserte ADSL-utbygging av alle telesentralar innan 2006. Dette synest no meir usikkert og VTK tek difor eit ansvar i høve til dei sentralane som pr i dag ikkje er bygd ut av Telenor eller andre. Av dei ca 40 telesentralane i VTK-området har Telenor ADSL-tilbod i 14, i all hovudsak dei store sentralane. VTK har som mål å bygge ut 9 sentralar i 1.halvår 2006; Brunkeberg, Fjone, Grungedal, Morgedal, Skafså, Veum, Vinje, Vinjesvingen og Vråliosien. Dette er sentralar som VTK har, eller lett kan føre, fiber fram til. Dei resterande sentralane vil bli vurdert etterkvart som vi bygger ut fibernettet til desse.

Info

Oppdatert informasjon om status og planar finn ein på VTK si heimeside www.vtk.no. Her er også prislister og registrerings skjema.

VTK, 24.januar 2005
Ketil Kvaale
(adm. direktør)